

## Den historiske kronologien i Daniels bok - Del 1

<b>608 f.Kr.</b>	Jojakims første styringsår
<b>605 f.Kr.</b>	Kronsprins Nebukadnesar av Babylon slår egyptarhæren sønder og saman. Erobrer Hamatlandet.
	Kong Nabopolassar dør og Nebukadnesar vert innsett som konge i det som vart farens siste styringsår
<b>604 f.Kr.</b>	Nebukadnesars første styringsår. Møter ingen motstand i Hattilandet. Ingen hær frå rika her kjem dei i møte.
<b>601 f.Kr.</b>	Nebukadnesar lir eit frykteleg tap imot Egypt. Nebukadnesar kom mot Jerusalem, og Jojakim bøygde seg og vart hans tenar
<b>598 f.Kr.</b>	Jojakim fall ifrå Nebukadnesar i det tredje året (Dan. 1:1), men han vert drept. Daniel og venane hans og fleire andre vert bortført.
	Jer. 52:28: 3023 jødar bortført. Jojakin innsett som konge, men han vert avsett i slutten av året.
<b>597 f.Kr.</b>	Ved årskiftet vert Jojakin bortført saman med 10 000 andre. Sidkias vert innsett som konge i Jerusalem.
<b>589 f.Kr.</b>	Sidkias fell i frå Nebukadnesar. Kongen i Babylon kringsette Jerusalem i tre år.
<b>587 f.Kr.</b>	832 jødar bortført.
<b>586 f.Kr.</b>	Sidkias vert arrestert og bortført til Babylon. Han vert blinda og halden i fengsel til sin dødsdag.
<b>585 f.Kr.</b>	Nebusaradan brente opp tempelet og kongehuset og reiv ned murane kring Jerusalem.
	Han tok også med seg dei fattigaste i folket og resten av folket, med nokre få unntak.
	Tok alt av verdi. Dei slo ihel Øvstepresten og den som var nest etter han, samt dei tre dørvaktene og nokre hoffmenn.
<b>582 f.Kr.</b>	745 jødar bortført.

Notater:

609/608 f.Kr. Årstall varierer.

\* sjå notis nedanfor

2. Kong. 24:1

2. Kong. 24:10-11.

2. Krøn. 36:10

2. Krøn. 36:10

\* Gammalkonservative bibelforskarar tolkar "Jojakims tredje år" til 605 f.Kr., altså hans tredje styringsår under Egypts konge. Dette fann historisk støtte i Donald Wisemans omsetting, som sa at Nebukadnesar hadde erobret Hatti-landet (Judea inkludert) 605 f.Kr. i fylgje dei babylonske krønikene. *Chronicles of the Chaldaean Kings (626-556) B.C.) (1956)*. Wiseman aksepterte seinare A. K. Graysons tekstendring til Hamat-landet, som var eit strategisk viktig, men heller lite område nord i Syria. Ønsket om å plassere "det tredje året" i Dan. 1:1 til 605 f.Kr. baserer seg også på eit kronologisk problem, ettersom Daniel vart bortført i dette året og han i følgje Dan. 2:1 allereie var i Babylon i Nebukadnesars andre år. Det er her historie og litteratur kritikken gjer seg gjeldane. Det er gjort funn som at den eldste tekstoverleveringen vi har av Daniels bok, den oldgreske omsettingen, skriver at Daniel var i Babylon i det tolvte året og ikkje det andre. Dermed vitner det om en mulig skrivefeil i den masoretiske teksten, som er 1000 år eldre. Dette stemmer også med historiske dokumenter, både bibelske og frå dei babylonske krønikene. Skrivefeil i Bibelen er dokumentert i en rekke tilfeller og mange av disse er rettet opp i våre bibelomsetninger. Slik er de feil funnet i Daniels bok redaksjonelle feil.